

FAKULTETSOPPGAVE I PENGEKRAVSRETT  
JUS3111  
Høst 2020

I.

Marte Kirkerud mista far sin, Ola Kirkerud, i august 2018. Marte var einaste arving. På skjemaet som ho fekk frå tingretten, stod det mellom anna at dødsbu som hovudregel blir skifta privat, og at dette kan skje dersom minst ein arving tek på seg ansvaret for skyldnadene etter avdøde. I teksten til sjølve underskriftsrubrikken stod det at underskrivaren tok på seg fullt ansvar for «avdødes gjeld og andre skyldnader». Marte skreiv under den 15. august 2018 utan å tenkje så mykje over innhaldet i det tosiders tettekne skjemaet. Ho var meir oppteken av dei praktiske spørsmåla kring dødsfallet. Stort sett var det ikkje anna i buet enn ein gammal og nedsliten bustad som kanskje kunne seljast for ein halv million kroner.

Marte fekk i oktober 2018 brev frå den lokale banken, Lillevik Sparebank, med krav om betaling av 300 000 kroner som faren hadde hatt i gjeld til banken. Bakgrunnen for dette kravet var at Ola Kirkerud, som hadde drive verksemd som maskinentreprenør i enkeltpersonføretak fram til 2015, skyldte pengar til Peder Ås AS på grunn av kontraktsbrot. Banken hadde som pantavar teke over dette kravet da Peder Ås AS gjekk konkurs i 2017 (legg til grunn at konkursbuet hadde overlate krava til banken, og at banken dermed var rett kreditor).

Marte, som òg dreiv verksemd som maskinentreprenør i enkeltpersonføretak, hadde eit par lån i Lillevik Sparebank som ledd i verksemda si og dessutan ein rammeavtale om driftskreditt. Banken minte i brevet om dei generelle kredittvilkåra: Manglande betaling av eitt krav kunne føre til oppseiing av alle låneengasjement.

Marte skreiv i eit skjermbrev til banken eit par dagar seinare: «Dette kom som ei overrasking. Eg visste ikkje at far hadde gjeld. Dersom det er slik at banken har eit krav, har eg vel ikkje anna val enn å betale. Men da må eg be om at banken hjelper til med finansiering av denne betalinga.»

Banken gjekk straks med på at Marte kunne få eit lån til betaling av farens gjeld. Marte godtok tilbodet og skreiv under vanlege lånedokument, og gjelda vart gjord opp mot slutten av oktober.

Eit par månader seinare kom Marte i prat med rekneskapsføraren som faren hadde hatt.

Rekneskapsføraren hugsa godt det aktuelle kravet. Det galdt ein kontrakt som vart avslutta i 2014.

Ola hadde fått dårleg økonomi på den tida, og det var nok forklåringa på at Peder Ås AS og seinare

banken ikkje hadde teke steg til å drive inn kravet, meinte rekneskapsføraren.

Marte retta no krav mot Lillevik Sparebank på tilbakebetaling av dei 300 000 kronene. I tillegg ville ho

ha refundert alle gebyr og renter på det lånet ho hadde teke opp. Ho viste til at kravet på 300 000

kroner var forelda da Ola døydde, og ho derfor ikkje hadde teke over ansvar for kravet. Ho ville ikkje

ha betalt dersom banken hadde fortalt at kravet var forelda. Betalinga var ikkje i seg sjølv ein lovnad

som banken kunne leggje til grunn, for betalinga var pressa fram av banken med urette opplysningar

og trugsmål om oppseiing av kreditt.

Banken protesterte ikkje på at kravet på 300 000 kroner var forelda ved dødsfallet, men meinte at

det ikkje er noko i vegen for å betale forelda gjeld. Spørsmålet om forelding var noko som Marte sjølv

skulle ha undersøkt. I alle fall kunne ikkje Marte fritakast for pådregne kostnader med lånet ho hadde

teke opp.

## II

Gardbrukar Hansine Solstad fekk høyre om tvisten mellom Marte og banken og kom i tankar om at

ho sjølv hadde hatt eit krav mot Ola Kirkerud. I 2013 hadde ho vendt seg til fleire entreprenørar med

førespurnad om to oppgåver, den eine gjekk ut på drenering av eit jordstykke og den andre planering

av ei tomt. Ola Kirkerud hadde gjeve det svaret at han kunne ta på seg begge, og at han måtte ha

200 000 for dreneringa og 300 000 for planeringa. Hansine hadde godteke dette tilbodet, og arbeidet

vart sett i verk utan meir formalisering av kontrakten. Det viste seg at Ola ikkje hadde ei heldig hand

med dreneringa, og Hansine måtte få ein annan entreprenør til å utføre rettingar etter at kontrakten

med Ola var avslutta i oktober 2013. Dette hadde kosta henne 50 000 kroner. Ho kravde Ola for

50 000 kroner i november 2013, men han hadde ikkje pengar. Ho tok opp att dette i oktober 2016, og

Ola svarte at han «gjeikk med på at han skyldte pengar på grunn av dreneringsjobben», men at

Hansine «ikkje måtte gløyme» at Ola hadde krav på minst 50 000 kroner for

tilleggsarbeid med planeringa, noko Hansine aldri hadde gjort opp. Seinare hadde ikkje partane hatt meir kontakt.

Hansine retta i januar 2019 krav på 50 000 kroner med tillegg av forseinkingsrenter mot Marte.

Marte – som no hadde tenkt mykje på kva ho eigentleg hadde gjeve seg ut på – motsette seg kravet.

Ho hadde ikkje gjeve nokon lovnad til kreditorane, berre til tingretten, sa Marte.

Dessutan hadde ho

fått utilstrekkeleg rettleiing om at gjeldsovertakinga kunne omfatte gammal næringsgjeld, og ho

kunne ikkje vera bunden av overtakinga. I alle tilfelle var kravet frå Hansine mot Ola forelda. Svaret

frå Ola i oktober 2016 kunne ikkje avbryte foreldinga. Og under alle omstende måtte Marte kunne

motrekne med Olas krav på vederlag for tilleggsarbeid, meinte ho. Hansine meinte på si side at

motkravet for forelda.

Om dette skal du skrive ei utgreiing der rettsspørsmåla, både prinsipale og subsidiære, blir drøfta og avgjorde.